

Fra: Postboks, HFO, Høyring (hoyring@helse-fonna.no)
Sendt: 21.02.2017 18:24:40
Til: Postboks, HFO, Postmottak; Dankel, Eirik; Steingildra, Stina
Kopi: Klausen, Olav Godtfred

Emne: VS: Høyringssvar frå Etne kommune:
Vedlegg: image001.png;image002.jpg
Fra: Siri Klokkerstuen [mailto:Siri.Klokkerstuen@etne.kommune.no]
Sendt: 21. februar 2017 17:58
Til: Postboks, HFO, Høyring
Kopi: Ragnhild Underhaug Ness; Firmapost Etne
Emne: Høyringssvar frå Etne kommune:

Etne formannskap 21.02.2017:
Høyringssvar frå Etne kommune:

Rapport frå prosjektet for Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan

Etne kommune støttar akuttkirurgisk beredskap ved Odda sjukehus.

Etne kommune er ein langstrakt kommune og nabokommune til Odda i aust. Inste delen av Etne kommune har Odda sjukehus som sitt nærsjukehus. Akuttberedskapen ved Odda sjukehus er ein viktig del av tryggleiken for dei som bur i vår kommune. Dette er eit krevjande geografisk område med fjellovergangar, industri, E134 og store hytteområde i fjellheimen heilt inn i Telemark. Folketalet aukar kraftig i helgane og i feriane. Avstandane er store og veret kan vera krevjande.

Stortinget har stilt særskilde vilkår til å ta omsyn til geografi, værtilhøve m.v. i høve akuttkirurgisk beredskap.

For oss i Etne er det viktig at Odda sjukehus får oppretthalda kirurgisk akuttberedskap. Me er glade for at representantar i prosjektgruppa frå Bømlo (brukarrepr.), Stord (legeforeining), Hardanger og Kvinnherad (Fagforbund og hovudvernombod) konkluderer tydeleg med at det akuttkirurgiske døgntilbodet i Odda er robust og må vidareførast. Det er viktig.

Prosjektarbeidet viser at det er det få - om nokon - sjukehus som har så krevjande utfordringar med manglande flyvør og stengde/rasfarlege vegar.

Over 2-4 timar til næraste sjukehus, ras og flaumutsette vegar, storindustri, raskt veksande naturbasert turisme i tøft terreng, E134 som hovudtrasè aust-vest, er alle viktige grunnar for at Odda sjukehus må ha fullverdig beredskap.

Tek ein bort den kirurgiske akuttberedskapen vil andre tilbod ved sjukehuset forvitra.

Med venleg helsing
Siri Klokkerstuen
Ordførar

Direkte: 53 75 80 05
Mobil: 90 88 06 59
E-post: siri.klokkerstuen@etne.kommune.no



ETNE KOMMUNE • Postboks 54, 5591 Etne
Tlf. 53 75 80 00 • Faks: 53 75 80 01

firmapost@etne.kommune.no
www.etne.kommune.no

trygg • raus • engasjert

